

**Rune Voll (25) frå Uskedalen omkom i ei utforkøyring på Sunde ved 5.30-tida søndag morgon. Ulukka skjeddde ved Skulehusbrekka på "gamlevegen" mellom Husnes og Sunde, 200 meter nord for sentrum.**

Det var to i bilen og den andre kom seg på land ved eiga hjelp. Han vart berre lettare skada, men sendt til sjukehuset på Stord. Han hadde søndag ettermiddag enno ikkje snakka med politiet og var framleis på sjukehuset. Også han er kvinnhering og kamerat av han som omkom.

Bilen traff truleg ein skrent på si venstre side etter ein rett strekning. Deretter vart den kasta over vegen, gjekk utfor, traff eit naust og hamna i vatnet snautt ti meter nedanfor vegen. Meir enn halve bilen vart liggjande under vatn.

Det var ein tilfeldig forbi passerande som oppdaga bilen i sjøen og varsla om ulukka. Hjelpa kom nokså raskt.



Det var full utrykking av både politi, brannvesen, ambulanshelikopter og to dykkarar frå Bergen brannvesen som kom med helikopteret var også med på redningsoperasjonen.

Uskedelingen vart henta opp frå sjøen og forsøkt gjenoplleva, men livet stod diverre ikkje til å redda.

Ulykkesstaden nær sentrum på Sunde.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Etterforskinga kan raskt i gang og tidleg søndag ettermiddag hadde politiet gjort det dei skulle på ulykesstaden med bistand av ulykkesgruppa til vegvesenet.

Lensmann Sigurd Børve vonar å kunne gå ut med opplysningar om årsaken til ulukka måndag.

Rune Voll var for tida busett på Sunde.

Av Ola Matti Mathisen



Det var her den tragiske ulukka skjedde søndag morgon. Bilen hamna i sjøen omlag 10 meter nedafor vegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)